

Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: 011ad48d-790d-443d-  
9a69-0d477a28da30  
Vår: 21/6731 - 21/52251

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
04.08.2021

## **Avslag på søknad om utvida bruk av avkjørsle - gbnr 1/80 og 1/285 Flatøy**

Saka gjeldt søknad om tillatelse for utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg for gbnr 1/80 og 1/285 datert 23.07.2021.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det er gitt rammeløyve for bruksendring frå naust til næring for bygning på gbnr 1/80. I rammeløyvet er det stilt krav til godkjent avkjøringsløyve frå kommunal veg av samferdsel, vegvatn- og avløpsavdelinga. Søknad om utvida/endra bruk av avkjørsle er sendt inn.

#### Vurdering/drøfting:

Avdeling veg har vore på staden søknaden viser til og vurderer dette til å vere ein gangtilkomst til eide domen og ikkje ei avkjørsle slik det vert vist til i søknaden. I tidlegare sak frå 2012 er tilkomst til naust på same eide domen og omtala som gangveg ned til bygningen.

Ei avkjørsle gjeld for køyre tøyr og skal vere utforma i samsvar med gjeldande lover og regelverk. For å kunne gi løyve til utvida bruk, må det vere ei avkjørsle å gi utvida bruk til.

I eit løyve om utvida bruk av avkjørsle vert det stilt same krav som ved etablering av ny avkjørsle dersom krava ikkje er tilfredstilt på den eksisterande.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune kan ikkje gi løyve til denne søknaden om ei utvida bruk av avkjørsle når tilkomst til eide domen i realitet er ein gangsti. Søkjar og tiltakshavar kan sende inn ny søknad med dokumentasjon for etablering av ny avkjørsle som tilfredstiller dei tekniske krav til utforming av avkjørsle frå offentleg veg.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Bilete tilkomst gbnr 1/80 og 1/285:**



**Vedtak:**

Alver kommune gjev avslag på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Avslaget er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsla det her vert søkt om utvida/endra bruk til er ikkje ei avkjørsle men ein gangtilkomst til eigedomen.
- Ei avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

Avslaget gjeld avkøyringsløyve for utvida bruk.

Det kan sendast ny søknad om etablering av avkørysle til eigedomen. Eit slikt tiltak vil krevje prosjekterte teikningar som syner sikttrekant, svingradius, lengdeprofil i samsvar med gjeldande krav etc. Det skal og komme klart fram at det er høve til å snu på eiga tomt for å unngå rygging inn og ut i offentleg veg.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkørysle er å finne på kommunen si heimeside: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket og kva endringar ein ønsker. Klagan skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### Kopi til:

Avdelingsleiar arealforvaltning Barbro Wiig Sulebakk	Grønlandsvegen 5918 20	FREKHAUG
Bwsmusikk Barbro Wiig Sulebakk	Grønlandsvegen 5918 20	FREKHAUG
Øystein Sulebakk	Grønlandsvegen 5918 20	FREKHAUG

### Mottakarar:

Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 5918 11	FREKHAUG
------------------	---------------------------	----------